



SAKSFRAMLEGG

Moglegheitsstudie for fylkesvegar knytt til E39 Bergen - Rogaland

Utval sak	Utval	Møtedato
46/15	Formannskapet	02.06.2015

Bakgrunn:

Hordaland fylkeskommune har i det siste halve året arbeidd med ei utgreiing av mogelege nye/endra fylkesvegsamband for å knyta deler av fylket betre saman med ny E39 frå Bergen til Rogaland grense.

Utgangspunktet for mogelegheitstudien er den vedtekne traséen for E39 frå Bergen til Rogaland grense, alternativ 4C over Os, Reksteren, Tysnes, Langenuen, Stord og Sveio. Endeleg traséval gjennom Os, over Tysnes og kor kryssing av Langenuen skal skje er ikkje vedteke, for traséen Stord til Rogaland grense er det heller ikkje starta planarbeid. Men ein reknar i hovudsak med at traséen vil liggja nær den eksisterande.

Mogeleghetstudien vurderer i kor stor grad dei omkringliggjande kommunane: Fusa, Samnanger, Austevoll, Tysnes, Fitjar, Sveio/E134 og Stord, har behov for endringar i fylkes-vegsamband for å ivareta betre tilkobling til den nye hovudvegen, og kva mogelege løysingar som kan finnast.

Det blir då samanlikna reisetider til og frå Bergen, samt til/frå Haugesund og Stavanger ved bruk av ulike tilkoblingspunkt og alternative tiltak i fylkesvegnettet.

Generelt vil reisetida kortast for alle reiser ved at ny og betre veg gir større fart, uansett strekkje.

Referansepunktet for Bergen er definert som Rådal (som er eit stort atterhald), og ferjestrekningar blir rekna inn med 15 minuttar ventetid pluss faktisk reisetid. (Det kan ein og stilla spørsmålsteikn ved, særleg for pendlarar).

Det blir og fokusert på reisetid til og frå Haugesund. Her er ikkje referansepunktet definert, men det vert samanlikna med vegen over Aksdal og ikkje gjennom Sveio, som er noko kortare.

Mogeleghetstudien ser på kva aktuelle tiltak fylkeskommunen kan gjera for yttøregare å betre tilkomstane. Ein ser til dømes på aktuelle tilkoblingar over Samnangerfjorden frå Fusa/ Samnanger, korleis Austevoll kan tilknyttast, og på ein rekkje tiltak over Tysnes. Eit par gjeld alternativ for Fitjar aleine. For Bømlo vil situasjonen stort sett verta uendra i høve situasjonen i dag, det same gjeld Sveio.

Studien ser og på ei tilkobling til E134 lengre nord enn i dag, gjennom ny bru over Ålfjorden.

Det er naturleg for oss å kommentera:

1. Generelle føresetnader som har tyding for Fitjar kommune
2. Vegsamband/tiltak som vil ha tyding for Fitjar kommune

Det er ikkje naturleg for Fitjar å kommentera tiltak i andre kommunar som ikkje har tyding for Fitjar. Og me føreset at kvar einskilt kommune har oppfatningar for sine lokalområde.

Generelt

To aktuelle kryssingar over Langenuen:

Ei viktig forutsetning er at det er to aktuelle kryssingar over Langenuen, alternativt midt(Raunholm) og sør(Jektevik), men analysen har nokre stader med tre

alternativ(Engevik nord som framleis er med i nokre tabellar for reisetid). Dette er uheldig, men skapar ikkje utfordringar for vurdering av alternativa for fylkesvegsamband.

Viktige moment:

Vegen har 110 km/t fartsgrense. Dette tilseier at det vil vera svært få kryss for på- og avkjøring på vegen(påkoplingspunkt), og dei må koma minst 3 km frå bruer og tunellar. Påkoplingspunktta for Fitjar vil naturleg nok vera lokalisert før brua over Langenuen, som igjen nødvendigvis må tyda sør for brua, uansett kva ho kjem. Såleis er tilkoplingspunktet for alternativ midtre foreslått på Mehammar og for brualternativ sør på Førland. Her opererer ein og med eit alternativ på Agdestein.

Dette i seg sjølv medfører 2 x 3 km ekstra kjøring for folk frå Fitjar som kjører austsida. I denne situasjonen kan nokre Fitjarbuar få kortere reisetid til Bergen ved å bruka FV 545 mot sør og kopa seg på E39 over Sagvåg eller Litlabø.

Det er avgjerande for oss, uansett val av brukryssing, at påkoblingskryssa er så langt nord som mogeleg.

Det eit sterkt ynskjeleg, sidan det ikkje er mogeleg å få påkjøring ved brua, at det kan bli mogeleg å få ei avkjøringsfil direkte frå brua og mot Fitjar. Dette vil korte reisetida for alle reiser frå Bergen(og aust for Langenuen) til Fitjar, uansett val av brualternativ.

Tiltak i studien:

Mogeleghetstudien har sett på eit tunnelalternativ frå Breivik til Vistvik. Tunnellen er ca. 4,25 km og vil korta vegen med 4,5-5 km rekna frå Fitjar sentrum, med fartsgrense 80 km/t.

Dette vil redusera reisetida med ca 5 minutt for reiser til/frå Bergen. Tiltaket vil dessutan korta reisetida tilsvarande for reiser til/frå Leirvik, for dei som nyttar denne vegen i dag. Såleis er dette eit særst godt tiltak, men truleg dyrt.

Sidan val av bruløysing over Langenuen og tilkoplingspunktta ikkje er avklart, har me og bede fylkeskommunen om å sjå på ei mogleg avkorting av Fv 545 mot sør for å redusera reisetida den vegen. Det kan bli eit godt alternativ for mange Fitjarbuar med påkopling denne vegen.

Rapporten har med eit alternativ med tiltak gjennom Hustrudalen som kortar vegen med nær 3 km og kjem ut på Litlabø. Kombinert med vegutbetringstiltaka gjennom Stordpakken frå Leirvik til Litlabø kan dette vera eit godt tiltak som gjerne kostar mindre enn tunell frå Breivik. Tiltaket vil dessutan redusera reisetida mellom Leirvik og Fitjar monaleg.

Tiltaket vil og kunna redusera reisetida mot Stavanger/Haugesund/Bømlo i høve dagens veg, viss det ikkje blir alternative utbetringar som kortar dagens veg lengre vest.

Fartsgrensa på FV 545 bør dessutan vera 80 km/t størsteparten av vegen, noko som tilseier mindre tiltak også på andre deler av vegen.

Ideelt sett kunne ein gjerne tenkja seg at begge alternativa; tunnel frå Breivik og forkorting av FV 545 ville vere aktuelle, men det er kanskje lite realistisk.

Og me bør gjerne prioritera litt ulikt avhengig av kva brualternativ som blir velt, men i begge tilfella vil me prioritera som første tiltak:

Avkjøringsfil direkte frå brua mot Fitjar.

Og avhengig av bruløysing: ved alternativ nord tunnell frå Breivik, ved alternativ sør, korting av FV 545.

Framlegg til vedtak:

Fitjar kommune ser særst positivt på det arbeidet som er gjort gjennom mogeleghetstudiet.

Det er avgjerande for Fitjar, uansett val av brukryssing, at påkoblingskryssa kjem så langt nord som mogeleg, ved alternativ sør ikkje lengre sør enn Agdestein.

Det er sterkt ynskjeleg, dersom det ikkje er mogeleg å få påkjøring ved brua, at det kan bli mogeleg å få ei avkjøringsfil direkte frå brua og mot Fitjar. Dette vil korte reisetida for reiser frå Bergen(og aust for Langenuen) til Fitjar, uansett val av brualternativ.

Fitjar kommune vil be om at Hordaland Fylkeskommune arbeider for at det blir eit avkjøringsfelt mot Fitjar uavhengig av kor brua kjem. Avhengig av val av brualternativ prioriterer me for alternativ nord, tunnell frå Breivik, for alternativ sør forkorting av fylkesveg 545.

Behandling pr mail.

Då fristen 2. juni kl 11.00 var ute var det kome fylgjande tilbakemeldingar:

Lars Ove Rimmereid:

Om det er slik at ein må kjøra frå Fitjar og til Agdestein for å kunna kjøra inn på E39, då er det ikkje ofta ein kjem til å bruka den strekinga om Hageberg.

Då er det særst viktig at ein finne gode løysingar for Fv 545 på Stord vestsiden.

Fv 545 er idag den viktigaste veien for Fitjarsamfunnet og vil nok vera det dei neste 100 åra og . (iallfall om næraste påkjøringspunkt til E39 blir på Agdestein.)

Tunnel frå Breivik til Vistvik , kan ikkje forsvarst på noko som helst måte , kostnad og miljøperspektiv. Då e da bedre å kjøra rundt slik som idag eller eventuelt ny vei over.

Arne Prestbø:

Lars Ove har absolutt nokre poeng men eg ser vel ikkje at det vert mindre miljømessige problem med at ein eventuell veg går over som han skriv.

Eg synest utkastet ser ok ut for min del. Flott.

Wenche Tislevoll:

Synst uttalen er god, med unntak av tunnelen.

Eg synst me uansett val av brukryssing skal prioritere ei forkorting av fylkesveg 545, det vil gagna Fitjarbuen på ein mykje betre måte. Ein tunnell frå Breivik til Vistvik vil aldri bli realisert (trur eg) og er redd kan koma som ei erstatning for brukryssing i midt. Derfor bør me i uttalen få fram at det er greitt å ha fått utgreid dette, men ein ber ein sjå bort frå løysinga og heller nytte ressursar og løysingar der det vil gagna mest og gje eit best resultat for flest mogleg.

Harald Rydland:

Eg synest og denne uttalen er god, men er på samme tid skeptisk til realismen og fornuften i desse tunnelplanane. Her må me heller peika på behovet for å rusta opp og evt. korta ned dei eksisterande tilkomstvegane.

Konklusjon.

Ein prioriterar ned tunell frå Breivik til fordel for tiltak på FV 545 mot sør.

Ei forkorting på fv 545 vil gje alle i Fitjar kortare reisetid mot Leirvik, og dessutan kortare reisetid mot Bergen for like mange som tunellen gir.

Vedtak:

Fitjar kommune ser særst positivt på det arbeidet som er gjort gjennom mogelegheitstudiet.

Det er avgjerande for Fitjar, uansett val av brukryssing, at påkoblingskryssa kjem så langt nord som mogeleg, ved alternativ sør ikkje lengre sør enn Agdestein.

Det er sterkt ynskjeleg, dersom det ikkje er mogeleg å få påkjøring ved brua, at det kan bli mogeleg å få ei avkjøringsfil direkte frå brua og mot Fitjar. Dette vil korte reisetida for reiser frå Bergen(og aust for Langenuen) til Fitjar, uansett val av brualternativ.

Fitjar kommune vil be om at Hordaland Fylkeskommune arbeider for at det blir eit avkjøringsfelt mot Fitjar uavhengig av kor brua kjem.

Fitjar kommune vil prioritera ei monaleg forkorting av fylkesveg 545 i sør, framfor tunnell frå Breivik, uavhengig av brualternativ.

Atle Tornes
Rådmann